

Kvinnherad kulturskule

Læreplan for

CELLO OG KONTRABASS



Cello og Kontrabass er dei største strykeinstrumenta. Dei er brukt i mange sjangrar som klassisk og moderne musikk, viser, folkemusikk, jazz og popmusikk.

Cello og Kontrabass blir nytta til soloinstrument, og er i tillegg viktig i orkester, samspelgrupper, spelemannslag og ulike band.

1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles».

Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleving og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervisning i Kvinnherad kulturskule tek

utgangspunkt i Rammeplan for kulturskolen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: www.kulturskolen.kvinnherad.no

2. Om den lokale læreplanen

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskolen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskolen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetansemålene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: *breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram*. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventast at eigne barn skal læra på kulturskolen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

3. Alder

Du kan normalt begynne å spele Cello frå 5 år, og Kontrabass frå du er 9.

(Litt avhengig av modning og storleik på eleven)

4. Instrument/utstyr

-Cello eller Kontrabass (finnes i forskjellige storleikar og det er mogleg å leie instrument frå kulturskolen)

- Strenger, boge, harpiks og golvkloss.
- Notar (må i utgangspunkt betalast av eleven sjølve)

5. Organisering av undervisninga

Undervisninga på Cello og Kontrabass er organisert som einetimar og orkestertimar. Einetimane blir så langt mogleg lagt i nærområdet til eleven.

Orkesterundervisninga skjer på Kulturskulesenteret på Husnes annakvar måndag.

6. Konsertar og samspel:

Det er viktig å bli vant til å spele med andre og det er obligatorisk for Cello og Kontrabasselever å delta i strykeorkester. Dette er gratis. Alle Cello og Kontrabasselever skal i løpet av undervisningsåret få tilbod om å opptre på minst to konsertar eller prosjekt som inngår i kulturskolens undervisningstilbod. I tillegg til kulturskolens konsertar, blir elevane gjerne invitert til å opptre på lokale arenaer, som «Syng med oss», lagsmøte mm. Av og til er det og mogleg å være med på samarbeidsprosjekt på tvers av kommune/fylkesgrensene.

7. Eigenøving

Det er helt avgjerande for å lære et instrument at eleven har moglegheit til å øve mellom speletimane.

Kulturskolen forventar at eleven øver regelmessig, og kommer forberedt til timen. Kor mykje øving som trengs, avtalast mellom lærer og den enkelte elev/føresett.

8. Evaluering/Utviklingssamtaler

I løpet av skuleåret skal det haldast minst ei utviklingssamtale tilpassa alder og nivå, der elev, lærer og føresette deltek. Tema som kan være aktuelle å ta opp, er utvikling, faglege utfordringar, arbeidsinnsats, resultat, trivsel, ambisjonar og andre ting som kan påverke eleven si læring.

9. Mål for undervisninga på kjerneprogram, organisering.

1. Byrjarnivå

2. Mellomnivå
3. Vidarekommen nivå

Byrjarnivå

Byrjarnivået på Cello og Kontrabass varer vanlegvis rundt eit år, men kan vare både kortare og lengre ut frå elevens modning, interesse og motorikk

Undervisninga inneheld både einetime og samspel.

Dei føresette er ein viktig ressurs på byrjarnivået. Det er fint om føresette som har moglegheit til det, observerer undervisninga. På den måten kan de lettare hjelpe til med øvinga heime. Det kan være å huske melodiane eller tekniske ting som skal øvast på. Mobiltelefonen kan være et godt hjelpemiddel, både til å ta opptak av melodiar og bilde av tekniske ting m.m. En positiv vaksen som støtter opp om timer og øving er gull verdt!

Læringsmål

De første årene er hovudfokus å lære grunnteknikken for både boge og venstre hand. Gjennom lek, øvingar, aktivitetar og spill får eleven grunnleggande kunnskap på Cello og Kontrabass og musikk generelt.

Eleven deltek i Orkester 1.

På timane arbeider vi med:

- Ergonomi og bogegrep
- Teknikk
- Rytme, intonasjon, dynamikk
- Notelesing
- Akkordlesing for bassistar
- Øvingsteknikkar
- Framføringar
- Enkel komposisjon og improvisasjon
- Utenatspel
- Lytting

Mellomnivå

En elev på mellomnivå speler i Orkester 2. Undervisninga består av både einetime og samspel.

Etter å ha lært det grunnleggande på Cello og Kontrabass på byrjarnivå, er mellomnivå gullalderen for teknisk utvikling. Nå trengs det mykje stoff for å få god mengdetrening. Dei føresette er framleis viktige støttespelarar for å legge til rette for gode øverutinar. Med betre teknikk og god forståing for notebildet, er valmoglegheitene store og eleven kan i større grad komme med ønsker om repertoar.

Orkesteret er ein arena for læring av mange ferdigheiter, samtidig som det er en møteplass for spelevenner. I orkesteret får eleven trening i å lese notebilde, lytte på andre sine stemmer og følge en dirigent.

Læringsmål:

På einetimane arbeider vi med

- Orkesterrepertoar
- Repertoar tilpassa den enkelte sitt nivå
- Vidareutvikling av teknikk
- Notelesing, musikkteori
- Frasering, dynamikk
- Vibrato for cellistar
- Boge og pizzicatoteknikkar knytt til ulike sjangrar på kontrabass
- Posisjonsspel
- Improvisasjon/komposisjon
- Rytme, intonasjon
- Frasering, dynamikk, klang, musikalsk forståing
- Lytting
- Øvingsteknikk
- Framføringsteknikk

På orkestertimane arbeider vi med

- Konsentrasjon/fokusering
- Lytting til musikken og dei andre
- Å kunne følge en leder/dirigent
- Rytme, intonasjon/dynamikk/frasering/puls
- Å øve inn et konsertrepertoar
- Å få kvar enkelte til å fungere som en del av en stor heilheit
- Inkludering og sosialt samspel.

Vidarekomne nivå

En vidarekommen elev nivå spiller i Orkester 3. Undervisninga er både einetime og samspel.

Mange kjente klassiske stykke kan nå være en del av repertoaret. Etydar og tekniske øvingar blir en del av det faste repertoaret i tillegg til spelestykke. Dette krev ein systematisk øveplan som eleven og læraren saman setter opp. God øveteknikk må læres. Gjennom nye bogeteknikkar og fingerteknikkar lærer eleven å variere klangen og skape den stemninga som trengs for stykket. Dette er en spennande oppdagingsreise i musikalske uttrykk. Eleven har etter kvart fått møte ulike genrar av musikk, og som vidarekommen har en del elever funnet «sin musikkgenre». Da er det viktig å få spele denne, samtidig som man blir presentert for anna musikk.

Læringsmål:

På timane arbeider vidare vi med

- Posisjonsspill
- Avanserte bogeteknikkar
- Stemming av instrument
- Frasering, dynamikk, klang, musikalsk forståing
- Repertoarutvikling

10. Mål for undervisninga på fordjupingsprogram, organisering

Målet fordjupingsprogrammet er å gje eleven eit så høgt nivå på instrumentet at han kan søke en høgare musikkutdanning eller liknande. På grunn av behov for å gå gjennom meir stoff, kan det søkast om å få lengre speletimar.

Eit fordjupingsprogram inneheld og musikkteoriøker.

Elever som ønsker å gå vidare på høgskulenivå, trenger god hjelp til førebuing til prøvespel og andre opptaksprøvar.

Cellistar og Kontrabassistar på dette nivået kan være medlem av SKO – Sunnhordland kammerorkester.

Se heimeside for meir informasjon om søknad til fordjupingstilbodet i musikk.